

## Krise i humaniora?

I disse tider stiller forskarane i humanistiske disiplinar med jamne mellomrom spørsmål om det dei driv på med: Er det krise i humaniora? Det blir arrangert seminar og nedsett komitear. Og gjennomgåande er konklusjonane prega av ei viss lette: Det er ikkje humaniora det er noko i vegen med; tvert om, det blir forska og publisert som aldri før; men det er for lite pengar og for få stillingar, det er der krisa er å finne, på universitet, og i skoleverk og i samfunnet elles. Den tilsynelatande krisa i humaniora viser seg å vere ein økonomisk svikt, ei feilbudsjettering. Og dette heng igjen saman med ei beklageleg prestisjeforvridning i forhold til meir praktiske fag, av teknisk, naturvitskapleg eller samfunnsvitskapleg art.

Så kan seminardeltakarane og komitedeleggjeme rusle vel tilfreds tilbake til sitt, etter å ha forfatta dei nødvendige skriv om kor viktig humaniora er, for samfunnet og for den enkelte.

Desse forsvarstalane for humanistisk forskning kan ta litt ulike vegar. Vi skal kort skissere nokre av dei meir allmenne synsmåtane.

Som all annan aktivitet må også vitskapleg aktivitet kunne legitimere seg. Det er dels tale om å få lov til å drive med det ein gjer, dels om å få økonomisk stønad til dette. For humanistisk forskning, i vår tid, er det legitimasjon med tanke på økonomisk støtte som er problemet.

Grovt sagt er det tre slag argument som blir nytta for å legitimere vitskapleg aktivitet, eitt argument som er felles for all slik aktivitet, og to som fungerer noko forskjellig i forhold til forskjellige slag disiplinar.

Det felles argument er verdien av sanninga, i og for seg, og av sanningssøkinga, i og for seg. Dette er og blir eit viktig argument, men vi skal ikkje gå inn på det her. For oss er det tvert om eit poeng at dette allmenne argumentet kan vere *godt* når det blir brukt *mot* forsøk på politisk og moralsk regulering av vitskapen frå styresmakter eller sterke samfunnsgrupper,<sup>1</sup> men dette allmenne argumentet om eigenverdien ved sanning og sanningssøking kan *ikkje* vere siste ord i diskusjonen når forskinga samtidig krev økonomiske utteljingar frå andre instansar—*da* må ei avveging til, der dei to meir fag-spesifikke argumentstypene kjem inn: forskning er *nyttig*, og forskning *dannar*. Det er desse argumenta vi er interesserte i her, for det er her humanistisk forskning viser seg å ha ein særegen profil.

Når vi her talar om forskning som nyttig, tenker vi på det argument som går på at forskning gjer oss betre i stand til å gjere ting vi gjerne vil ha gjort. Forsking kan ha ein nyttig bruk, i den forstand at forskingsresultatet kan bli nytta i ein formålsrasjonell samanheng; det vil seie, forskingsresultatet blir brukt som middel for å oppnå noko som vi (samfunnet) held for å vere ønskeleg: Naturvitskapane, forlenga over i anvendt teknologisk forskning, gjer at vi kan bygge betre bruer og fly, hus og fabrikkar. Styrken ved dette formålsrasjonelle nytteargumentet er derfor at slik forskning simpelthen er god økonomi; det lønner seg å investere i dette.

Rett nok blir også dette argumentet problematisk når vi bevegar oss frå anvendt forskning til grunnforskning, og argumentet blir tvetydig etterkvart som det blir klart at mange av dei forskingsresultata som kan bli brukt til positive formål, også kan nyttast destruktivt; —dette gjeld som kjent heile registeret av forskingsresultat frå kjernefysikk til molekylærbiologi.

Det viktige for oss i denne sammenhengen er imidlertid at humanistisk forskning *ikkje kan* brukast i denne formålsrasjonelle forstand. Derfor er det berre dannelsingsargumentet som kan nyttast for å legitimere humanistisk forskning. Vi skal gå litt nærmare inn på kvifor det er slik.

Ein naturvitskapleg disiplin som klassisk fysikk er metodologisk sett bygd opp omkring lover, som kan nyttast i formålsrasjonell handling, mens det i ein humanistisk disiplin som litteraturhistorie ikkje finst slike lover. Vi kan seie at vi her har eit skilje mellom disiplinær som passar inn under Hempels forklaringsmodell og dei som ikkje gjer det.<sup>2</sup>

Som kjent hevda Hempel, kort sagt, at vitskapleg forklaring har form av ei logisk slutning frå gitte utgangsvilkår pluss allmenne lover. Hempels klassiske eksempel er bilradiatoren som fraus. Ei forklaring av denne handlinga består i (1) at ein forvissar seg om at bestemte utgangsvilkår låg føre—bilen stod ute den natta, temperaturen gikk under null, radiatoren var fylt med vatn, radiatoren tåler berre eit visst trykk—og (2) at ein kjenner ei allmenn lov om at vatnet utvidar seg ved frysing med ei viss kraft, og (3) at ein derfor sluttar (frå 1 og 2) at radiatoren må sprekkje den natta. Det som her er ei forklaring av noko som har hendt, kan også nyttast til å forutseie noko som vil skjere: *Dersom* du set bilen din ute ei frostnatt med vatn i ein radiator som ikkje tåler trykk, og *dersom* vi veit at vatn utvidar seg med stort trykk ved frysing, *så* kan vi forutseie at bilradiatoren din vil komme til å sprekkje. Men dette er berre ein annan måte å seie det på, at du kan *bruke* denne kjennskapen til denne lova til å få radiatoren til å sprekkje, dersom du ønsker det. Lova om at vatn utvidar seg ved frysing kan altså vere *nyttig* i ein formålsrasjonell samanheng. Det er med andre ord ein indre samanheng mellom denne slag forklaring, forutseiing og teknisk maksime. Eller sagt på ein annan måte: dei disiplinane som fell inn under Hempels modell for vitskapleg forklaring, kan legitimerast ved nytte-argumentet.

Ein disiplin som litteraturhistorie opererer ikkje med slike lover, og slike disiplinær *kan* derfor *ikkje* legitimerast ved nytte-argumentet. Slike disiplinær kan *berre* legitimerast ved dannelsingsargumentet (i tillegg til det fellesvitskaplege argumentet om at sanning og sanningssøking er ein verdi i seg sjølv).<sup>3</sup>

Vi seier ikkje at disiplinær som fysikk ikkje kan vere dannande. Det finst gode grunnar for å hevde at all vitskapleg aktivitet dannar. Det vi seier er at disiplinær som litteraturhistorie ikkje kan brukast formålsrasjonelt og derfor berre kan appellere til dannelsingsargumentet.

Det er sjølvstyk meir å seie om dei metodologiske spørsmåla. Men vi held dette for å vere nok her. Og vi held det vi har sagt om vitskaplege lover og legitimasjonsformer for å vere relativt ukontroversielt.

Vi skal gå eit steg vidare. Vi vil påstå at humanistiske disiplinær negativt sett kan karakteriserast ved at dei ikkje fell inn under Hempels modell. Dermed har vi ikkje sagt noko om kva som eventuelt karakteriserer humanistiske disiplinær, positivt sett. Det skal vi komme attende til seinare. Heller ikkje vil vi gå inn på diskusjonen om kor langt Hempels modell kan seiast å vere adekvat, for naturvitskapane og for samfunnsvitskapane. Vi nøyer oss med å seie at i den grad det skulle inngå forklaringsinnslag av Hempelsk type i det vi tradisjonelt forstår som humanistisk forskning (t.d. i historieforsking), så blir desse innslaga å karakterisere som ikkje-humanistiske.

På denne bakgrunn vil vi seie at humanistisk forskning berre kan legitimere seg ved dannelsingsargumentet, ikkje ved nytteargumentet. Men vi vil da minne om at vi her

bruker begrepet nytte på ein bestemt måte, knytt til formålsrasjonell handling. For det er klart at den danning som humanistiske disiplinar kan gi, også er «nyttig», i den forstand at eit samfunn forutset ei eller anna form for danning; eit samfunn krev t.d. at innbyggjarane har eit minstemål av kjennskap til, og identifikasjon med, sitt eige språk og sin eigen tradisjon. Dette er eit viktig punkt. Skiljet mellom «nyttige» og «dannande» disiplinar er ikkje eit skilje mellom dei som er nødvendige eller ønskelege for samfunnets funksjonelle krav og dei som berre er til glede og oppbygging for den enkelte som derved kan realisere og nyte seg sjølv på ein måte som er samfunnet uvedkommande. Det er uttrykk for eit fatalt fall i humanistane si sjølvforståing når det blir argumentert for humaniora ut frå eit slikt fritidsperspektiv. Ved slik å tenke ut frå skiljet mellom arbeid og fritid, og plassere humaniora på fritidssida—forstått som individuelt konsum av kulturgode—overser ein det samfunnsmessig nødvendige ved danning og kultur. Ein overser at humaniora kan vere samfunnsmessig «nyttig», i høgaste grad.

Det er sjølv sagt meir å seie om begrepet nytte, t.d. om kva som er nyttig *for kven*—og da tenker vi ikkje berre på ulike politiske grupper med sine ulike målsetningar, men særleg på spørsmålet om kven som målber ekte og uekte behov, og kven som prøver å ta vare på det indre forhold mellom person og tradisjon.

Dessutan er det som kjent problematisk å bruke begrepet nyttig på det som nyttige ting er nyttig for. Livet er korkje nyttig eller unyttig, liksom tida på sola korkje er sju eller halvåtte. Danninga av dei personar og den kultur som alle formålsrasjonelle tiltak er nyttige for, er i denne forstand korkje nyttige eller unyttige. Poenget vårt ovanfor var imidlertid at ei sviktande danning kan vere samfunnsmessig dysfunksjonell, bortsett frå at ei dårlegare danning enn det som er nødvendig, i seg sjølv er beklageleg.

Det er nå på tide å seie noko meir om kva vi legg i begrepet danning. Først vil vi kort vise til at vitenskapens evne til å danne kan analyserast både ut frå vitenskapen som aktivitet og ut frå vitenskapen som resultat. All vitenskapleg aktivitet er som nemnt dannande, i og med at vitenskapleg verksemd krev eit spørjande sinn overfor fenomena og ei gjensidig anerkjenning av medforskarane som både fornuftige og feilbarlege. Vi skal ikkje her gå nærmare inn på dette.<sup>4</sup> Vi nøyer oss med å slå fast at forskingsaktiviteten krev ei særeigen sosialisering av forskarane. Dette er forøvrig noko av grunnen til at vitenskapleg sanningssøking kan seiast å vere eit gode. Men i tillegg til den danning som er knytt til deltakinga i forskingsprosessen, kan vi også ha danning knytt til det å nyte fruktene av vitenskapleg forskning. Det er her tale om danning dels ved kunnskapstileigning og dels ved forming av eins eigen identitet ved å tileigne seg den kultursamanheng som ein sjølv inngår i som medlem av eit gitt samfunn. Det er altså på same tid tale om opplysning og om sosialisering. Den djupare meining ved begrepet danning kan seiast å vere knytt til det sistnemnte aspektet, sjølvforminga.<sup>5</sup> Men når ein tenker igjennom saka, vil ein sjå at det er ein samheng mellom opplysning og sosialisering: Det å tileigne seg vitenskaplege resultat på ein slik måte at ein verkeleg forstår det, er ikkje det same som å kunne produsere enkle og usamanhengande sanningar, men det krev nettopp at ein sjølv i nokon monn skjønner korleis det vitenskaplege resultatet vart oppnådd—med dei aktuelle metodologiske føresetnader og begrepsmessige perspektiv—slik at ein kan sjå resultatet i sin rette samheng, det vil seie, kan ha eit adekvat og nyansert syn på kva resultatet seier og ikkje seier. Men dette krev nettopp reflektert tileigning, som i seg sjølv er dannande. Og i så måte kan vi seie at det er fiktivt å legge eit altfor skarpt skilje mellom vitenskap som aktivitet og vitenskap som resultat—det siste forutset det første, også for «brukarane». Det

vil seie, her er vi truleg ved eit visst skilje mellom humanistiske og andre disiplinær: For humanistiske disiplinær er resultatet i ein enda meir radikal forstand berre tilgjengeleg for den som sjølv «går med». Den einaste måten å «bruke» forskingsresultat i litteraturhistorie på, er å setje seg inn i saka. Resultat frå teknologisk forskning går det an å bruke utan å forstå stort av det—slik som når ein skrur på brytaren og lampa lyser, sjølv om ein ingenting forstår om elektrisitet.

Generelt kan vi altså seie at all vitenskap kan ha ein dannande funksjon, dels ved å lære oss å sondre mellom det vi veit og det vi ikkje veit, mellom godt og dårleg belegg, og mellom argument og grunnar på ulike nivå, og dels ved å lære oss noko om kulturelle, sosiale og naturgitte fenomen. Humanistisk vitenskap har sin spesielle dannande funksjon ved at den omhandlar mennesket som kulturell aktør. For å få fram kva vi legg i dette siste, skal vi kort minne om korleis dei ulike disiplinane grovt sagt heng saman med differensieringa av bestemte institusjonar i løpet av historia:<sup>6</sup> Utviklinga av økonomien som ein institusjon i utviklingssosiologisk forstand går saman med utviklinga av formålsrasjonelle handlingar, og med industrialiseringa går dette saman med teknologisk utvikling som etterkvart også nyttiggjer seg naturvitenskaplege resultat. Parallelt med dette har vi utviklinga av politikken som eigen institusjon. Mens dei formålsrasjonelle handlingane i økonomien blir regulert via pengar, er handlingane i politikken bestemt av legal utøving av makt, via ei rettsleg regulert forvaltning. Økonomi, jus og etterkvart samfunnsvitenskap fell inn i desse institusjonane. Området for primær-sosialisering og tradisjonsformidling var lenge i alt vesentleg ei urøit mark i forhold til institusjonane økonomi og politikk—det vil seie, stort sett urørt av formålsrasjonell handling og planlegging. Samtidig var desse kulturelle ytingane samfunnsmessig nødvendige, mellom anna for at økonomi og politikk skulle bli forsynt med språkføre personar, med kulturell identifikasjon og lojalitet. Utviklinga av sfærene for kunst og kultur som særigne institusjonar er ei relativt moderne affære, liksom framveksten av dei humanistiske vitenskapane er det.<sup>7</sup> Denne kulturelle sfæren som opphaveleg var boren oppe av den språklegnormative overleveringa (ikkje minst i familie og nærmiljø), har etterkvart vorti meir og meir underlagt politikken, t.d. ved rettsleggjeringa av undervisning og familieliv,<sup>8</sup> og underlagt økonomien, ved kommersialisering og media-vridning av kulturytringane.<sup>9</sup>—Det er fleire reservasjonar knytt til bruken av slike utviklingssosiologiske begrep som «differensiering» av «institusjonar» for politikk, økonomi og kultur. Men i vår samanheng er poenget berre å minne om korleis vitenskapane heng saman med profesjonar som igjen heng saman med utviklinga av bestemte sfærar—og i dette perspektivet inngår humanistisk vitenskap korkje i forlenginga av næringsliv eller forvaltning, men i utviklinga av kulturen som eigen institusjon.

Det særigne ved humanistisk forskning og dens emne kan illustrerast ved eit skilje mellom «livsverd» og «system».<sup>10</sup> Det skiljet vi her er ute etter er eit skilje mellom handlingar som primært er bestemt av internaliserte normer og gjensidig forståing (livsverd), og handlingar som primært er bestemt av formålsrasjonell atferd (system). Dette er brukt som utgangspunkt for å skilje mellom tradisjonelle og moderne samfunn.<sup>11</sup> Opphaveleg vart handlingar primært konstituert ved normer og begrep som aktørane tileigna seg—som dei forstod og aksepterte—og som kvar og ein visste at dei andre forstod og aksepterte. I så måte var der på dette grunnlag ein meningsberande bakgrunnskonsensus. Med arbeidsdelinga ut frå økonomien blir handlingsrollene, med deira normer og begrep, bestemt av strukturen i arbeidsdelinga. Kvar og ein prøver å

kjøpe og selje varer, arbeidskraft medrekna. Aktørane søker å maksimere sine preferansar, med formålsrasjonelle handlingar ut frå behov og interesser som blir sett på som naturgitte. I «livsverda» er handlingane det dei er i kraft av dei. begrep og normer som aktørane sjølve forstår kvarandre ut ifrå. I «systemet» kan samspelet mellom handlingane best analyserast ved ein spelteoretisk angrepsmåte.<sup>12</sup>

Poenget er nå at humanistisk vitenskap er knytt tll mennesket som skapar og aktør i livsverda, som er konstituert ved ein bakgrunnskonsensus av normer og begrep, og ikkje til mennesket som system-bestemt aktør. Vi skal straks utdjupe dette nærmare, men først kan det vere på sin plass å kommentere moglege nivå innanfor livsverda,<sup>13</sup> slik som «kultur» «fellesskap» og «identitet»: Desse tre nivå kan seiast å vere til stades samtidig i livsverda, for så vidt som dei gjensidig betingar kvarandre, men analytisk kan dei framhevast eitt for eitt. «Kultur» står for det meiningsberande, «fellesskap» for det gjensidig normstrukturerde, og «identitet» for individets ego-forming. Forskjellige teoretikarar kan seiast å ha fokusert på kvart av desse nivåa—Heidegger t.d. på kulturen, Durkheim t.d. på fellesskapet, og Fromm t. d. på identiteten. Dei tilsvarende krisefenomena er tap av mening (livet kjennest meiningslaust og tomt), svekking av samhaldet (der er normløyse, eller «anomi»), og der er identitetskriser («andreorientering», og ego-svekking).<sup>14</sup>

Vi skal nå samle trådane. Poenget med desse utviklings sosiologiske distinksjonane er å framheve den plass humaniora har, historisk og samfunnsmessig. Og med humaniora meiner vi her både humanistisk forskning og det emnet som denne forskinga rettar seg mot. Hittil har vi berre berørt det metodologiske grunnlag for slik forskning ved å seie at humanistisk vitenskap ikkje bygger på den Hempelske modell med dens lovbegrep. Ut frå begrepet om livsverda kan vi nå antyde kva humanistisk vitenskap positivt sett går ut på: Dersom det er slik at livsverda er bestemt ved handlingar og holdningar som bygger på gjensidig kjende og anerkjende normer og begrep hos aktørane, er det opna for forskning som finn fram til og beskriv desse normer og begrep. Dette er som kjent grunnlaget for såkalla «forståande» forskning.<sup>15</sup> Som samfunnsmedlemmer har vi allereie ein viss tilgang til den meiningshorisonten som utgjør livsverda, og som forskarar kan vi trenge lengre inn i dette ved kjeldegransking og ved analyse og refleksjon, i ein pågåande diskursiv forskingspiral (som somme vil kalle «hermenevtisk» og andre «hypotetisk-deduktiv på meinings fullt materiale».)<sup>16</sup>

I dette feltet har vi historievitenskap (når ikkje sosiologiske og sosialøkonomiske forklaringsselement inngår), språkvitenskap, litteraturvitenskap, estetiske disiplinar, og filosofi, forutan fenomenologisk orientert sosialantropologi og psykologi. Nå kan kvar av desse vitenskapsgreinene utvikle fagspesifikke og teoretiske begrep som går langt utover det som er umiddelbart forståeleg ut frå den forståingshorisont som den aktuelle livsverda utgjør. Linguistisk og filosofisk teori er nærliggande døme på dette. Påstanden vår går derfor ikkje lengre enn at humanistisk forskning i utgangspunktet må vere tilgjengeleg for folk som sjølve lever i vedkommande livsverd (gitt at dei har normal kompetanse, og evne og vilje til kommunikasjon). Men påstanden går lengre enn den allmenne tesen om at all vitenskap i prinsippet må vere tilgjengeleg for andre enn forskarane sjølve (dvs. for andre som tar på seg bryet å setje seg inn i vedkommande vitenskap). For det første vil legitimasjonsgrunnlaget for humanistisk vitenskap, som bygger på danning, bli radikalt svekka dersom slik vitenskap ikkje kan tileignast av andre enn dei som driv med slik forskning. Der nytte-vitenskapane kan legitimere seg ved å sende ut sine pakke-resultat med

tilhørende bruksanvisning for det uforståande publikum, må humanistisk vitenskap alltid prøve å formidle sine resultat slik at eit rimeleg stort publikum kan følgje med i det som skjer. For det andre er det slik at grunnlaget for begrepsdanninga i humanistisk forskning står i eit nærmare forhold til begrepa i livsverda enn det begrepsdanninga i dei fleste andre vitenskapane gjer. Med dette nektar vi ikkje for at også t.d. naturvitenskapane er tilvist til forståinga i livsverda (t.d. i samhandlingane mellom forskarane), og vi ser heller ikkje bort frå at begrep i vitenskapane kan gli inn i dagleglivet, slik at det ikkje er berre vitenskapane som står i gjeld til begrepa i livsverda, men også livsverda som står i gjeld til vitenskapane. Det vi vil hevde er at humanistisk forskning alltid må forhalde seg til den forståingshorisont som livsverda representerer, sjølv om begrepa blir teoretisk bearbeidd og vidareutvikla. Denne samanhengen er konstitutiv for humanistisk forskning: Gransking av verk, holdningar og handlingar i livsverda, med utgangspunkt i dei begrep som eksplisitt eller implisitt er bestemmande for aktørane si sjølvforståing og situasjonsforståing, er nettopp oppgåva for humanistisk forskning.

Dette betyr at humanistisk vitenskap i stor monn er deskriptiv. Det er t.d. tale om narrative framstillingar av handlingar og hendingar i historiske disiplinar. Det er her tale om å finne fram dei relevante data for eit problem og så skrive det ut som ei forståeleg søge—forståeleg slik at lesarane i prinsippet kan kjenne seg igjen i handlinga. Der historikarane står innanfor ein annan forståingshorisont enn aktørane, blir det tale om ei refleksiv omsetjing mellom horisontane. Om lesaren igjen står i ein tredje horisont, vil han/ho også måtte gjennomføre ei slik horisontomsetjing med omsyn til forholdet mellom eigen horisont og horisontane til historikar og aktør. Dette illustrerer igjen korleis humanistisk vitenskap krev at lesarane «sjølv går med», samtidig som dette inneber ei «danning» av lesarane—for, denne «omsetjinga» er ein eigenaktivitet som bringer eins eigen identitet og kulturelle bakgrunn inn i erkjenningssprosessen.

Nå er det som kjent mange prinsipielle problem involvert i historieskriving, t.d. spørsmålet om å finne den implisitte mening i det aktørane sa og gjorde—«forstå aktørane betre enn dei forstod seg sjølv»—anten ved å sjå hendingane i eit større perspektiv enn aktørane kunne, eller ved å bringe inn bakanforliggende motiv og drivkrefter, også med begrep som går utover dei som aktørane sjølv var kjent med, for slik å få betre konsistens i handlingane. Men sjølv om ein mistankens strategi av dette slaget ofte er legitim og sakleg nødvendig, går den likevel ut ifrå ein meningshorisont av mogleg felles forståing mellom aktør og forskar—og det er ei betring av denne forståinga den igjen siktar mot.

Strukturanalysar i linguistikk, og for den del i filosofi og i litteraturvitenskap, kan som nemnt ofte gå langt utover den begrephorisont som «aktørane» (språkbrukarane) eksplisitt forstår seg utifrå i livsverda. Men poenget er her å finne implisitte føresetnader, som det blir handla, tala og tenkt ut ifrå—anten i ein bestemt kultur (eller kontekst), eller meir allment. I denne forstand vil vi halde fast på påstanden vår, og også rekne desse disiplinane som humanistiske vitenskapar.

Ofte vil humanistiske vitenskapar ha ei avgrensa datamengd til tema, t.d. Ibsens verk eller Vigelands skulpturar. Trass i at det her ikkje kan komme på tale å få nye data, kan humanistisk vitenskap forske seriøst på slike emne ved å tolke det gitte materialet i stadig nye samanhengar, m.a. ut frå nye forståingssamanhengar i forskarens eiga samtid.<sup>17</sup> Vi har da ei open tolkingssøge som stadig lar nye sider komme til orde, i ein gjensidig dialog mellom verket og dei pågåande tolkingstradisjonane.<sup>18</sup>

Endeleg er det slik at disiplinær som litteraturvitskap, kunsthistorie og andre såkalla estetiske fag også kan tillate seg å vurdere kvaliteten i verka, utan å forlate det argumentative og intersubjektive. Grunnlaget for dette ligg i vekselspelet mellom dei situasjonsgitte verdiar og normer i den meiningshorisont som verket inngår i og dei verdiar og normer som er utvikla i tolkingstradisjonen. Poenget er at både begrep og verdiar eller normer inngår som konstitutive element i livsverda, slik at enkeltfenomen og enkelthandlingar innanfor ei bestemt livsverd *er* det dei er i kraft av desse elementa som altså er konseptuelle, evaluative og normative på ein gong, slik som «mål» og «corner» i fotball.<sup>19</sup>

Vi har nå sett på det positive forholdet mellom humanistisk vitskap og «livsverda». Før vi går inn på det meir negative forhold mellom humanistisk vitskap og «systemet», skal vi kort minne om somme av dei meir særsegne institusjonane som dei ulike humanistiske vitskapane inngår i.

Humaniora er eit tvetydig begrep. Dels er det tale om den spesielle humanistiske forskinga, dels er det tale om noko mye meir. Litteraturvitskapen, t.d., er liksom berre toppen på eit isberg, der resten av kolossen blir utgjort av heile den litterære institusjon: forfatarane som skriv verka, forlaga som gir dei ut, bokhandlarane som sel dei, biblioteka som låner dei ut, lesarane som kjøper eller låner, men som i alle fall les verka, og kritikarane som melder verka i aviser eller diskusjonsfora. Det meste, og mange vil seie det vesentlege, ligg under toppen. Vi kan ha litteratur utan litteraturvitskap, men ikkje litteraturvitskap utan litteratur og resten av den litterære institusjon.

Dette bringer igjen opp spørsmålet om kva humanistisk forskning tener til. Kan vi greie oss utan? Legitimasjonsproblemet er utan tvil reelt: Vi har dei som skaper verka, dei som distribuerer dei, dei som les og kritiserer, og dei som gjennom skole og massemedia fører nye generasjonar inn i den litterære tradisjon. Kva meir treng vi?

Svaret er ikkje endefram. Men ein tilgang til eit svar kan vi få ved å fokusere på det forhold at livsverda ikkje er ein naturprosess, men eit skjørt verk som kan stagnere og forfalle. Det trengst ei stadig tra'disjonsformidling av den felles horisont til nye generasjonar, og tileigninga av dette krev eigeninnsats hos den enkelte frå den tidlege sosialisering og fram igjennom heile livet. Her er ei sårbar overføring mellom intersubjektiv tradisjon, som t.d. morsmålet, og dei enkelte individ, som først blir danna menneske gjennom sosialiseringa. Denne overføringa kan stivne og fordreiest, men også utviklast og forbetrast. Vern på den eine sida og nyskaping og kritikk på den andre må inngå samtidig, kunne vi seie. Her er kulturens innebygde spenning mellom det konservative og det radikale element. I dette spelet inngår så den humanistiske forskning, i spenninga mellom medviten tileigning og kritisk sontring. I tillegg til å ha sin eigen verdi som sanningssøking har litteraturvitskapen slik ein «renovasjons-funksjon»: i samspelet mellom nytt og gammalt, mellom godt og mindre godt, har den humanistiske vitskaplege aktiviteten til oppgåve å vere ein slags dialyse innanfor den litterære institusjon, ved å stille problem i best mogleg samanheng, ved å skilje mellom gode og dårlege tolkingar, mellom tilfredsstillande og uholdbar belegg—for å edruleggjere og forbetre den meiningsdannande forståing som litteraturen ber fram. Yrkesforskarane er ikkje aleine om dette ansvaret, og andre kan visseleg yte fullverdige bidrag, men forskinga har i vårt perspektiv eit spesielt ansvar, som også er dens legitimasjonsgrunn.

Vi skal ikkje her trøtte med å beskrive korleis dei andre humanistiske disiplinane inngår i ulike slags særinstitusjonar, meir eller mindre like den litterære institusjon, og

korleis desse sfærane kryssar kvarandre, gjennom t.d. skole, massemedia, teater og museumsvesen.

Alt vi hittil har sagt om metodologi og institusjons-differensiering for humanistiske vitenskapar samlar vi i tesen om at humanistisk forskning representerer forsøk på å utforske, tolke, beskrive, vurdere og reflektere over verk og handlingar i livsverda, med utgangspunkt i dei begrep som eksplisitt eller implisitt inngår i den. Legitimasjonen ligg i den danning desse disiplinane er med å gi overfor personane i vår eiga livsverd og dermed overfor den meiningshorisont som der blir forma og vidareformidla.

Etter å ha sett på det indre forholdet mellom humaniora og livsverda, skal vi nå sjå på forholdet mellom humaniora og «systemet». Kort sagt er tesen den at med den stadige utbreiing av institu sjonane økonomi og politikk, på kostnad av den livsverdsbestemte kultursfæren, blir folk i aukande grad danna av objektive strukturar, relativt uavhengig av gjensidig anerkjende normer.<sup>20</sup> Dermed skrumpar danningspotensialet for humaniora, og humanistisk vitenskap, tilsvarande. *Dette er humanioras krise.* —På same tid blir det også mindre vi kan «sjå» ved hjelp av begrepa frå livsverda aleine. Økonomi, teknologi og politikk fungerer etter «makro-begrep»—ofte formidla med bestemte samfunnsvitenskapar eller naturvitenskapar som ikkje er tilgjengelege frå den sikt som aktørane i livsverda har, eller som humanistisk forskning kan hjelpe med å utvikle.<sup>21</sup> Derfor skrumpar det opplysningspotensial som humaniora, og humanistisk forskning, tradisjonelt har gjort krav på. Aristoteles kunne meine å forstå seg sjølv og hendingane i bystaten ved å vidareutvikle begrepa gjennom etikk og klassifikatorisk statsvitenskap. Vi treng ei kompleks formidling av innsikt frå ei rekke vitenskapar, frå «systemet» så vel som frå «livsverda», for å forstå oss sjølve og den verda vi lever i på ein noko så nær adekvat måte—dette er ei faretrugande innfløkt oppgåve, og den fører i alle fall langt utover det som humaniora kan yte.<sup>22</sup> Dette er humanioras krise—liksom det er ei krise for den verd, og den kultur, vi inngår i.

Den fremste oppgåva for humaniora er derfor å erkjenne sine historisk betinga grenser. Til det trengst kultursosiologiske og kunnskapssosiologiske perspektiv, der kulturen ikkje berre blir forstått som ei privatsak og ein fritidsaktivitet, men som ein funksjonelt nødvendig, meiningsberande intersubjektiv struktur,<sup>23</sup> som står i eit spenningsfylt samspel med andre institusjonar. På det grunnlag kan ein setje inn dei kreftene som humaniora rettmessig kan yte, i forvissning om betydningen av ein slik innsats, men òg om at også andre typar tiltak er nødvendige.

Det er ikkje lett å seie kva alt dette betyr for den enkelte forskar innanfor humanistisk vitenskap. Det er vanskeleg å seie noko meiningsfullt på det generelle plan. Kvar og ein må sjølv finne fram til kva dette inneber på eins eige felt. Det generelle kan berre bli å påpeike kor viktig det er å intensivere arbeidet innanfor humaniora samtidig, som det skjer i forvissninga om dei strukturelle problem i vårt samfunn.

Men vi kunne kanskje antyde eit par misforståtte måtar å forhalde seg på: (1) Først har vi dei som slett ikkje har sett seg inn i den type problem som vi har drøfta her, og som heller ikkje føler indre uro omkring problema, men som ufortrødent og godmodig held fram som om ingenting var skjedd. Dette er den naivt uberørte. (2) Så har vi den som føler problema og føler at humanistisk arbeid er viktig og bør intensiverast, men utan at dei strukturelle innsnevringane blir erkjent. Dette er den perspektivlaust intense humanist. (3) Så har vi dei som har lesi om strukturproblema og som snakkar om det ved



festlege og politiske høve, men utan å gjere jobben annleis enn før. Dette er søndagsideologane. (4) Endeleg har vi dei som har gjort eit ærleg forsøk på å setje seg inn i alt det nye, og som med stor iver prøver å føre det inn i humanistisk forskning, men utan å ha fått skikkeleg tak på utviklings sosiologi og det heile—det er desse som med emissærisk glød forklarar at boka er ei vare og at språket er sosialt. Dette er amatør-sosiologane.

Men det er ikkje berre for dei humanistiske forskarane at verda er blitt vanskelegare. Det gjeld oss alle, som sosiale og politiske deltakarar i vår livsverd: Det blir vanskelegare å sjå poenget i det andre g er, for dei gjer det innanfor gjeremål som er oss framande, og også våre eigne gjeremål flettar seg i hop med andre handlingar på måtar som vi ikkje forutsåg—slik blir vi framande for oss sjølve og for andre. Slik kan både samhald og fellesskap forvitre, og vi manglar både den integritet og den oversikt over hendingane som trengst for å samhandle fornuftig, både overfor vår neste i livsverda og overfor dei politiske og økonomiske strukturproblema. Styringsproblem og kulturkrise er to sider av same sak—men det skal vi ikkje forfølgje nærmare her, for det fører oss over i ein ny artikkel.

Notar:

<sup>1</sup> Enda det som kjent ikkje er eit argument som kan gjere krav på å skyve alle innvendingar av dette slaget til side: dersom sanningssøking vil føre til smerte eller skade hos forsøkspersonar, må det i det minste ei etisk avveging til.

<sup>2</sup> C. G. Hempel, *The Function of General Law in History*, Oxford, 1942.

<sup>3</sup> Bildet er likevel meir komplisert. Humanistiske disiplinar, som litteraturvitskap og historie, kan hjelpe til å opne for nye perspektiv, noko som i sin tur kan påverke synet vårt på kva for formål som formålsrasjonaliteten skal vere nyttig for. Slik kan danninga verke inn på det vi held for å vere nyttig. Vidare kan reint beskrivande disiplinar, som ikkje opererer med Hempelske lover, gi bakgrunnskunnskapar som er nyttige for formålsrasjonaliteten.

<sup>4</sup> Jfr. K.-O. Apel og J. Habermas som begge understrekar dei etiske førsetnadene for vitenskapleg verksemd, særleg for argumentasjon. Sjå t.d. G. Skirbekk, «Pragmatism in Apel and Habermas», i *Contemporary Philosophy: A New Survey*, utg. G. Fløistad, bd. IV, Nijhoff, Haag 1983.

<sup>5</sup> Jfr. Humboldt og den tyske «Bildungs»-tradisjonen.

<sup>6</sup> Eit sentralt namn her er T. Parsons, jfr. t.d. *The Evolution of Societies*, N.Y. 1977.

<sup>7</sup> Ved Universitetet i Paris ved utgangen av mellomalderen hadde ein desse disiplinane: (1) grammatikk, logikk, dialektikk = trivium, (2) aritmetikk, geometri, astronomi, musikk = quadrivium; dette var artes liberales. Derutover hadde ein dei yrkesretta studia i medisin, jus og teologi.

<sup>8</sup> Jfr. J. Habermas *Theorie des kommunikativen Handelns*, Fr. a.M., 1981, bd. 11, s. 522-547 (spes. s. 534, 540).

<sup>9</sup> Ibid., s. 512-522.

<sup>10</sup> Ibid. kap. VI (s. 171 ff.).

<sup>11</sup> Durkheim er her ein sentral teoretikar.

<sup>12</sup> Om forholdet mellom «livsverd» og «system», sjå G. Skirbekk «Modernization of the Lifeworld» i *Rationality and Modernity* (1993).

<sup>13</sup> J. Habermas, 1981, bd. II, s. 209 ff.

<sup>14</sup> «Anomi», normløyse, er term frå Durkheim. «Andre-orientering» («otherdirectedness») er term frå Riesman.

<sup>15</sup> Jfr. t.-d. framstillinga med historisk oversikt i K.-O. Apel *Die Erklären: Verstehen-Kontroverse in transzendental pragmatischer Sicht*, Fr. a. M. , 1979.

<sup>16</sup> Jfr. Gadamer (*Wahrheit und Methode*), og D. Føllesdal og L. Walløe *Argumentasjonsteori og Vitenskapsfilosofi*, Oslo, 1977, s. 80 ff., spes. s. 107.

<sup>17</sup> Her avvik vi frå J. Elster, som stiller som krav for vitenskapleg forskning at nye data kan frambringast, jfr. *Forklaring og dialektikk*, Oslo, 1979, s. 108-109.

<sup>18</sup> Jfr. «Wirkungsgeschichte» hos Gadamer.

<sup>19</sup> Jfr. Elizabeth Anscombe om *Brute facts*, (Analysis, 1958).

<sup>20</sup> Jfr. G. Skirbekk «Folkelege tankar om sikt og oversikt», i *Refleksjon og handling. Festskrift til Hans Skjervheim*, red. Å. Haga, H. Høibraaten, A. Måseide, Oslo, 1976. Også i denne antologien.

<sup>21</sup> Jfr. G. Skirbekk «Some Reflections on Expertise and Politics» i *Encyclopedia Moderna*, Zagreb, 1975, også bidrag i *Praktische Philosophie* under Funkkolleg ved Hessischer Rundfunk 1980. J. Meløes prakseologi gir eit godt døme på kva ein i humanistisk sikt kan sjå, og kva ein ikkje kan sjå, jfr. artiklar trykt i *Prakseologi*, stensilserien nr. 48, Filosofisk institutt, Bergen, 1978.

<sup>22</sup> Einsidig orientering ut frå kommunikativ handling (livsverd) fører til det Habermas har kalla «den hermeneutiske idealisme i den forståande sosiologi». Einsidig orientering ut frå modellen system/omverd fører til ulike forkortingar i samfunnsteorien, frå grovare variantar av t.d. sosiobiologisk og systemteoretisk type til meir raffinerte variantar å la N. Luhmann.

<sup>23</sup> 23. Forutan nemnde verk av Habermas (note 8), jfr. også S. Skirbekk, *Moraldebatt og individtenkning. En ideologianalyse*, Oslo, 1981.